


af

1802

INSTITUTTET
BIBLIOTEKET


HAVFORSKNINGS nytt

Nr. 7 - 1992



Seleksjon
sei i merd

Rist-seleksjon av sei i merd



Fangstseksjonen ved Havforskningsinstituttet har nyleg utført forsøk med rist-seleksjon av sei i merd som kan få stor betydning for notfisket. I forsøka vart det oppnådd skarp storleiks seleksjon, og det vart ikkje registrert skade på fisken eller dødelegheit som fylgje av forsøka.

Seleksjon i seinotfisket

I notfisket etter sei langs kysten er det ofte eit stort problem med innblanding av små fisk i fangstane, noko som ofte fører til leveringsvanskar og stopp i fisket. Dette kan no løysast ved å sortere fisken gjennom ei rist. Slik sortering vil også vere aktuelt for å skilje storleiksgrupper som blir betalt med ulik pris. På den måten kan fortienesta aukast sidan samfengt fangst vert dårlegare betalt enn ulike storleiksgrupper levert kvar for seg.

Seleksjon av sei i lagringsmerder

I seinotfisket langs kysten deltek eit større antal mindre fartøy som ikkje kan ta fangsten direkte ombord. Desse båtane fører derfor fangsten over i lagringsmerder, der fisken vert halden til den vert teken opp av føringsbåtar. Slike lagringsmerder er høvelege til å foreta storleiksseleksjon av fangsten.

I vår utførte Havforskningsinstituttet ein serie seleksjonsforsøk med sei i merd i Sunnhordaland i samarbeid med M/S "Nøstbakken". Ei justerbar metallrist utvikla og produsert av Moster Industrier A/S vart montert i overflata i enden av sei-merdene. Ei oppsamlingsmerd vart sydd på utsida av rista. For å kunne overvake seleksjonsprosessen vart eit kamera

montert på utsida av rista. Fisken vart så trengd relativt hardt mot rista ved å tørke opp lagringsmerda.

Når den vart tilstrekkeleg trengd, byrja den minste seien å gå gjennom rista. Passasjen skjedde roleg, og fisken finmanøvrerte mellom spilene. Større fisk prøvde også å trengje seg gjennom, men måtte snu dersom den var for brei. I løpet av 2-4 timer vart fangstar opp i mot 5 tonn sei selektert etter storleik på denne enkle måten. Det vart teke prøver for lengdemåling både i lagrings- og oppsamlingsmerdene. Fisken vart deretter halden i desse merdene frå 7-14 dagar for å observere overleving etter forsøka.

I alle forsøka var fisken som vart igjen i lagringsmerda klart større enn den som hadde gått gjennom rista. For 35 og 40 mm spaltebredde vart det etablert skarpe seleksjonskurver (figur 1) som viser eit seleksjonsintervall på berre omlag 5 cm.

Overleving

All fisken, både den som gjekk gjennom rista og den som vart verande i lagringsmerda, overlevde seleksjonsforsøka for observasjonsperiodar på 7-14 dagar. Det var heller ingen teikn til ytre skadar på fisken som følgje av handsaminga.


I praktisk fiske

Dei lovande forsøka med ristseleksjon i seimerder viser at denne enkle metoden kan nyttast av mindre kystfartøy for å storleikssortere sei. Formålet kan vere både å skilja ut fisk under minstemålet samt å skilja grupper som vert betalt med ulik pris. Rista som vart brukt er godt egna til dette då den er stillbar, såpass lett at den kan handterast manuelt av to personar, og lett å montere på merd.

For større fartøy som tek fangsten ombord direkte, vil det vere meir hensiktsmessig med storleikssortering direkte i nota. Det gjenstår imidlertid å prøve om ristprinsippet fungerer til dette formålet direkte i seinot.

Summary

Size selection of penned saithe is obtained by forcing the fish against an adjustable grid in the end of net pens. The size selection was rather sharp with a selection range of about 5 cm only. All fish forced against and passing through the grid survived for observation periods of 7-14 days, and there were no signs of external injuries caused by the selection.



Figur 1 Seleksjonskurve for sei ved rist-seleksjon i merd. Spalteavstand i rista 35 og 40 mm.